



Innkalling til årsmøte i Jæren Husflidslag

Jæren Husflidslag ønskjer alle medlemmar velkomne til årsmøte i 1900-huset på Bryne tysdag 6. februar 2018 klokka 19.00.

Ta med kopp, asjett, kniv og gaffel og handarbeid. **Det er bindande påmelding** til leiar Hilde Krogedal, tlf 950 50 254, innan 30. januar. Entré er 100 kroner.

Dagsorden etter gjeldande vedtekter:

Konstituering av årsmøtet med åpning ved leiar,
godkjenning av møteinnkalling og saksliste
val av møteleiar
val av møtesekretær
val av to til teljekorps
val av to til å skriva under protokollen

Godkjenning av årsmelding, arbeidsplan og rekneskap

Styret si årsmelding og årsmeldingsskjemaet som skal sendast til husflidslaget sentralt. Arbeidsplan.

Godkjenning av revidert rekneskap for 2017 og budsjett for 2018.

Det har ikkje kome inn nokon forslag til årsmøtet innan fristen.

Val

Valet vert gjennomført etter Jæren Husflidslag sine vedtekter. Leiar vert valt separat. Dersom ein medlem krev det, skal valet vera skriftleg.

Første vara, Kirsti Wiig har av helsegrunnar bede om fritak frå vervet sitt midt i perioden.

Valkomiteen si innstilling for 2018 er:

Leiar: Hilde Krogedal (1år, attval).

Styremedlem: Kjellaug Stokkeland (2 år, attval).

Styremedlem: Reidun Gudmestad (2 år, attval).

Styremedlem: Trude Ånestad (1 år igjen, ikkje på val).

Styremedlem: Anne Berit Hatlem (1 år igjen, ikkje på val).

1. vara: Hjørdis Fuglestad (1 år, ny).

2. vara: Ellen Marie Aursland (2 år, ny).

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserar, sekretær og studieleiar.

Revisorar: Gunnar Siqveland og Eirik J Varhaug.

Vevstova: Kari Refsnes, Ann-Kristine Bakke, Mary Undheim og Målfrid Bilstad held fram.

Valnemnd: Årsmøtet vel ein ny medlem til valnemnda etter Berit Lande, som er ferdig med sin periode. Olga Djuve har eitt år igjen, Kari Refsnes har to år igjen.

Forslag frå styret: Grete Marie Undheim.

Utendingar til årsmøtet i Rogaland husflidslag: Styret får fullmakt til sjølv å velja utendingar til årsmøtet.

Eventuelt

Avslutning

Årsmelding for 2017

Årsmøtet vart halde tysdag 31. januar.

Etter val og konstituering same kveld har styret hatt denne samansetjinga:

Leiar: Hilde Krogedal.

Nestleiar: Kjellaug Stokkeland.

Sekretær: Reidun Gudmestad.

Kasserar: Anne Berit Hatlem.

Studieleiar: Trude Ånestad.

Vara: Kirsti Wiig og Hjørdis Fuglestad.

Valkomite: Berit Lande, Olga Djuve og Kari Refsnes.

Vevstova: Kari Refsnes, Anne-Kristin Bakke, Mary Undheim og Målfrid Bilstad.

Revisorar: Gunnar Siqveland og Eirik J. Varhaug

Styremøte: Det er halde 8 styremøte og er behandla 29 saker. Laget hadde ved utgangen av året 139 medlemmar, tre færre enn i fjor. Fire av dei er ungdomsmedlemmar, og me har ein mann som medlem.

Økonomi: Inntekter: 101.380, utgifter: 83.981, overskot: 17.398

Aktivitet: Det meste av laget sin aktivitet går føre seg i 1900-huset på Bryne. Me har hatt åtte lagsmøte i 2017, pluss tur. Me arrangerte husflidsdagen i lag med Jærmuseet og julesalg i Fotland Mølle saman med Time kommune. På lagsmøta har det i gjennomsnitt vore 32 frammøtte. Det er ein liten nedgang på fire frå 2016.

Lagsmøte:

31. januar: Årsmøte og vitjing av den nye husflidskonsulenten, Berit Fuglseth Rasmussen, 40 frammøtte.

28. februar: Tema bunader på Garborgsenteret, 23 frammøtte.

28. mars: Tema gamle leiker frå Stavanger og Jæren, Hege Stormark, 30 frammøtte.

25. april: Møte hos Ullform og Ledaal teppeveveri i Stavanger. 21 frammøtte.

29. august: Møte hos Herborg Kverneland. 30 frammøtte.

3. oktober: Møte med tema billedvev med Ingrid Vinningland, Raket Fosse, Sofia Bilstad og Målfrid Braut. 39 frammøtte.

7. november: Handarbeidskveld med medlemsundersøking. 25 frammøtte.

5. desember: Julemøte på Jærmuseet, Anne-Sofie Haarr. 47 frammøtte.

Tur: Tysdag 23. mai gjekk turen til Mingar&Walker sitt glassblåseri på Vigre og så vidare til Køhlerpaviljongen der me både fekk historien fortalt og herleg suppe. 19 var med.

Kurs: Sevskokurs, veskekurs, kalligrafikurs, glaskuleblåsing, brikkevevkurs og blomsterkurs, vevteori har samla hatt 80 deltakarar.

Me har også hatt aktivitetsekveldar, tre strikkekveldar der det kom fleire nye, gimping, koftemontering, laga band i flaske, hekla frå hjørne til hjørne, laga sponkorger og baka potetkaker. Desse kveldane har samla hatt over 90 deltakarar.

Vevgruppa: Vevgruppa har hatt åtte samlingar med i gjennomsnitt fem deltakarar kvar gong. Dette er klipt ned av vevane: 9,5 meter kvit panelgardin, to meter damask, 3,7 meter av festremse, 5,2 meter filleryer, 4 meter pute, 7 meter handklede, og 5,5 meter gul løper, til saman 36,9 meter.

Spinnegruppa: Ansvarleg er Therese Oddane.

Sølvgruppa: Ansvarleg er Astrid Holen.

Strikke kafé: Ansvarleg er Ester Marit Egeland.

Samarbeid: Som vanleg hadde me samarbeid med Jærmuseet om **husflidens dag** 10. september. Heile 16 medlemmar møtte for å visa fram produkta sine og arrangera aktivitetar for barna. Det var 281 besøkjande, det er 40 færre enn året før. Ein av grunnane kan vera at me ikkje hadde eigen forhåndsomtale i Jærbladet.

Julemesse: 1. og 2. desember arrangerte me julemesse på Fotland Mølle saman med Time kommune for andre gong. Det kom 250 besøkjande. Det var ein auke på 70. Komiteen med Olga Djuve i spissen hadde ansvaret også denne gongen. Det vart baka potetkaker av 100 kilo poteter, og folk stod i kø for å få kjøpa sjølv om bakekapasiteten var auka. Salg av potetkaker og inntekter frå kafeen gjekk til laget. Det vart 9800 kroner. Mange medlemmar selde kaker og husflidsvarer dei sjølv hadde laga. Kommunen har for lenge sidan spurt om det blir julemesse i 2018, og styret er glade for at møllekomiteen er innstilte på å gjenta suksessen.

Spikk: Det vart levert gjenstandar frå fleire medlemmar til utstillinga Spikk på Hauabakka i Klepp.

Anna:

Det store husflidsteppet: I arbeidsplanen vår for 2017 stod det store husflidsteppet. Ein eigen komite, leia av Dorteia Haugland, har arbeidd flittig og seriøst med å få teppet ferdig. Det vart avduka på julemøtet, og vekte begeistring. Mange medlemmar har bidratt med arbeid i ulike teknikkar som no har fått sin plass på teppet. Samla viser det at me har eit lag med medlemmar som har svært brei kunnskap. Stor takk til komiteen som tok fatt på arbeidet og fullførte teppet som har lege på vent lenge.

Medlemsundersøking: På handarbeidskvelden i oktober ba styret dei frammøtte om å diskutera kva dei ønskjer husflidslaget skal driva med. Me fekk mange gode idear og innspel. Noko av det viser alt igjen i programmet for våren, for eksempel broderikurs og nystarta brikkevevgruppe. Svare viste at medlemmane har ulike tankar om kva me bør halda på med. Mange tykkjer me har det greitt. Andre ønskjer at me skal modernisera oss forsiktig, for eksempel velja litt nyare sangar.

Representasjon:

Hilde Krogedal og Kjellaug Stokkeland frå styret og Solveig Lode Knutsen deltok på årsmøte i Rogaland husflidslag og medarbeidarsamling i mars.

Kjellaug Stokkeland har vore på samling om Ung husflid.

Kjellaug Stokkeland og Reidun Gudmestad har vore på møte om bruk av data i arbeidet 16 medlemmar deltok på Husflidens dag på Jærmuseet 10. september med aktivitetar og salg.

På regionssamlinga på Hovden hadde Jæren Husflidslag største delegasjon. Styret hadde tre utsendingar, Hilde, Kjellaug og Reidun. I tillegg var Berit Lande, Bodil Nordbø, Solveig

Lode Knutsen, Lillian Hølland og Kari Refsnes med Det var ei inspirerende samling og det var veldig kjekt å vera så mange.

Medlemmar deltek også på ulike andre husflidstilbod. Astrid Holen var til dømes på internasjonal husflidsleir i Estland i sommar.

Styret:

Me i styret er svært glade for kvar einaste aktive medlem og at de møter trufast på det me inviterer til. Me er glade for at så mange medlemmar er aktive, men me er også opptatt av korleis endå fleire skal få lyst å engasjera seg. Me ønskjer å ta godt imot nye, og styret diskuterer stadig korleis aktivitetane kan bli meir interessante for endå fleire. Me brukar blant anna Facebook aktivt når møte og aktivitetar skal gjerast kjent. Nå er dessutan så mange av medlemmane registrerte med e-postadresse at me meir aktivt kan ta e-post i bruk når me har noko å formidla til medlemmane. Dei fleste kan me også senda årsmeldinga til på e-post. Det sparer oss for store portoutgifter.

Elles går mykje av styret si tid til å leggja planar og laga program for neste semester.

Me legg også vekt på at kurs og aktivitet vert registrert slik at me kan få dei tilskota frå det offentlege som me har krav på.

Styret sin arbeidsplan for 2018:

Gjennomføra lagsmøte, kurs, tur og andre aktivitetar etter oppsett plan.

Senda tre utsendingar til medarbeidersamling og årsmøtet til Rogaland husflidslag på Sjernarøy i Finnøy kommune 10. og 11. mars og delta på leiarsamling og andre samlingar i regi av Rogaland husflidslag.

Laga haust- og vårprogram med blant anna arrangement i samarbeid med Jærmuseet på husflidens dag, og julemøte på Jærmuseet.

Arrangera julemesse på Fotland Mølle i desember.

Prioritera kurs og aktivitetar som kan bidra til å ta vare på den rødlista sevskoteknikken. Få dokumentert teknikken etter Norges husflidslag sin mal. Punktet om registrering stod også på lista i fjor, men me har ikkje gitt opp å få det gjennomført.

Arrangera årsmøte i januar/februar 2019.

Be ein komite om å laga sanghefte til bruk i laget.

Viktig informasjon: Årsmøtet skal i tillegg til den vanlege årsmeldinga også godkjenna skjema over alle aktivitetane våre. Dette skal sendast inn etter årsmøtet, til Rogaland Husflidslag og til Norges Husflidslag. Skjemaet vert delt ut på årsmøtet.

NB! For å sikra deg all informasjon, kan du registrera e-postadressen din ved å logga deg inn på Norges Husflidslag si side.

Bryne januar 2018
Reidun Gudmestad
sekretær